



## Den Norske kyrkje - Vik Kyrkjelege fellesråd

### Kyrkjelydsarbeidar

Trivest du med å jobbe med barn og ungdom?

Vil du arbeide i eit oversiktleg miljø kor engasjement, tru og omtanke står sentralt?

Likar du varierte oppgåver? Er du sjølvstendig, men også glad i å jobbe i team?

**Vik kyrkjeleg fellesråd har ledig 80 % stilling som kyrkjelydsarbeidar frå 14. august 2023.**

**Da er du kanskje vår nye medarbeidar?**

Vik kommune, med sine 2600 innbyggjarar ligg på sørsida av Sognefjorden med nærleik til fjell og sjø. Vik kyrkjeleg fellesråd er del av Sogn prosti og Bjørgvin bispedømme. Fellesrådet består av 5 sokn; Fresvik, Feios, Vangsnes, Vik og Arnafjord.

I tillegg har me også samarbeid med fortidsminneforeninga som har ansvar for middelalderkyrkjene Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje.

#### Arbeidsoppgåver

- Vere med på å vidareutvikle og gjennomføre trosopplæringsarbeid, med særskilt ansvar for 0-16 år. dette inkluderer også konfirmantarbeid.
- Ha medansvar for informasjon og kommunikasjon knyta til trusopplæringstiltaka
- Skape engasjement og trivsel for barn og unge
- Ha medansvar i gudstenester der barn og unge er særskilt målgruppe
- Ha medansvar for samarbeid med skule og barnehage
- Administrative oppgåver knytta til tenester og drift ved kyrkjekontoret.
- Delta på stabsmøter og anna samarbeidsfora

#### Kvalifikasjonar

- Relevant høgare utdanning, gjerne med kristendom, teologi og pedagogikk i fagkretsen
- Realkompetanse kan vege opp for utdanning
- Erfaring i bruk av IKT- verktøy og kjennskap til bruk av sosiale media
- Erfaring frå, og interesse for arbeid med barn og ungdom
- Kunne norsk munnleg og skriftleg
- Personlege eigenskapar vert lagt vekt på.
- Søkjarar må vere lojal til Den norske kyrkje (DNK) sitt oppdrag, og medlemmer vert oppmoda om å søkje
- Politiattest jfr. Trossamfunnslova § 20

## Personlege eigenskapar

- Engasjement for arbeid med å formidle tru gjennom undervisning og kyrkjelydsbygging.
- God vilje og evner til samarbeid og å kunne vere fleksibel i arbeidet.
- Gode pedagogiske og administrative eigenskapar
- Evne til å arbeide sjølvstendig

Vi tilbyr tariffløn og gode pensjons- og forsikringsordningar, og stor grad av fleksibilitet.

Søkjar må disponera eigen bil.

For informasjon kontakt kyrkjeverje Marit J Andersen på

tlf. 47977806 / 90686227 eller på e-post [marit.johanne.andersen@vik.kommune.no](mailto:marit.johanne.andersen@vik.kommune.no)

### Søknadsfrist 12. april 2023

Send søknad til Vik kyrkjeleg fellesråd, pb 134, 6891 Vik i Sogn

eller e-post til [kyrkjeleg.fellesraad@vik.kommune.no](mailto:kyrkjeleg.fellesraad@vik.kommune.no)